



Olje- og energidepartement

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Tore Larsen, 5764 3126

## Fråsegn til forslag om endringar i forskrift om konsekvensutgreiingar

**Statsforvaltaren i Vestland meiner at grensa for når tiltakshavar må førehandsmelde kraftleidningar på 132 kV ikkje bør flyttast så mykje som føreslege. Vi meiner vidare at det er viktig å innføre meldeplikt for solkraftverk slik det er føreslege, men at kravet bør slå inn langt tidlegare enn føreslege.**

Vi viser til høyringa av føreslegne endringar i forskrifta om konsekvensutgreiingar, knytt til kravet om meldeprosess før konsekvensutgreiingar (KU) for kraftleidningar og solkraftverk.

### Om høyringsforslaget

Det er føreslege å endre grensa for når ein tiltakshavar må førehandsmelde kraftleidningar på 132 kV, frå 15 km til 50 km, men at tiltakshavar kan velje å førehandsmelde kraftleidningar i dette lengdeintervallet.

For solkraftverk er det føreslege å innføre plikt til å sende inn melding med forslag til utgreiingsprogram, ved installert effekt på over 30 MWp. Grunngevinga er at kraftverk over denne storleiken kan vere kontroversielle og/eller få store verknader for miljø og samfunn.

### Vår merknader

Meldinga er utgangspunkt for ei avklaring av kva tema som må konsekvensutgreiast, og manglar her kan føre til behov for nye fagutgreiingar etter at konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing har vore på høyring. Særleg når det gjeld naturmiljø er gjennomføring av KU sterkt sesongavhengig, slik at ytterlegare undersøkingar i mange tilfelle først vil kunne gjennomførast året etter.

Vår erfaring er at meldefasen har vore viktig i mange saker for å få eit godt fagleg fundament for konsekvensutgreiinga. Så fremt tiltakshavar involverer viktige aktørar tidleg i prosessen, ser vi likevel at ei auke av minsteavstandskravet for melding kan bidra til å effektivisere konsesjonsprosessen. Mangelfull involvering kan derimot føre til at ny nettutbygging som grunnlag for nødvendig omstilling av samfunnet blir forsinka, heller enn framskunda.

Vi meiner det vil vere eit for langt sprang å meir enn tredoble innslagsstrekninga, og at auken bør avgrensast til ei dobling i høve til i dag. Det må føresetjast at det ikkje blir fira på kvalitetskrava for godkjenning av konsekvensutgreiinga, slik at naturmiljø og andre viktige samfunnsinteresser kan bli ivaretatt minst like godt som i dag.



Vi støttar òg meldeplikt for solkraftverk av ein viss storleik. I ein oppstartfase for behandling av solkraftverk vil det vere involvert mange aktørar med ulik grad av erfaring med saksfeltet. Dette kan føre til at konsekvensutgreiingsarbeidet vil bli gjennomført på ein mindre strukturert måte enn for nettanlegg, der selskapa har mykje erfaring/kompetanse. Vi trur det kan vere ein føremon for tiltakshavar å få innspel gjennom ein meldingsfase også for mellomstore solkraftverk, og dermed få eit meir gjennomtenkt prosjekt før dei kjem til KU.

Som omtalt i høyringsdokumentet, kan solkraftanlegga få konsekvensar for andre interesser, deriblant viktige naturverdiar og produktive landbruksareal. Eit minstekrav på 300 dekar, som vil utgjere i storleiksorden 42 fotballbanar, meiner vi derfor er alt for høgt. Vi føreslår at departementet vurderer eit langt låga innslagspunkt, særleg for utbygging i naturmiljø eller på dyrka mark. I Vestland, med mange små teigar og kulturlandskap med viktige funksjonar, vil sjølv ei grense på til dømes 50 dekar vere høgt.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM